



Vindafjord kommune

5585 Sandeid

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til søknad om dispensasjon for montering Aasta Hansteen-plattformen i Vats- og Yrkjefjorden

Med vekt på at Yrkjefjorden i kombinasjon med Vatsfjorden og AF Miljøbase Vats er ei lokalisering som det er vanskeleg å finne gode alternativ til, har Fylkesmannen ikkje avgjerande innvendingar til at det blir gitt dispensasjon for omsøkt arbeid og montering av Aasta Hansteen-plattformen. Tiltak for å unngå uønska hendingar som kan gje forureining, må vektleggjast sterkt.

Vi viser til kommunen sitt brev av 28.06.2013.

Saka gjeld arbeid i samband med montering av Aasta Hansteen-plattformen i Vats- og Yrkjefjorden.

Kommunen har i 5 punkt vist kva det må søkjast om dispensasjon for i høve til arealformål og føresegner i kommuneplanen. Pkt 1.- 4. er knytt til industriell aktivitet som krev reguleringsplan. Pkt 5 gjeld bygging av ankerfeste i LNF-området. Fylkesmannen er samd med kommunen si vurdering av planstatus og oppsummering av planlagt verksemd.

Reguleringsplanen for området er ikkje ferdig utarbeidd. I uttalen til varsel og planprogram for reguleringsplanen har Fylkesmannen vore sterkt kritisk til industriell verksemd med fare for forureining på grunn av at det er store naturverdiar, inkludert fiskeressursar, knytt til Vats- og Yrkjefjorden. Vi meiner det er eit klart mål at industriverksemda i desse fjordområda ikkje skal svekka fiskeressursane og at verksemda heller ikkje skal føre til forureining av fisk og skaldyr i området.

I dispensasjonssøknaden si vurdering av naturmangfaldlova, har vi merka oss at det er lokalisert spesielle marine naturtypar på israndavsetninga på tvers av Yrkje- og Vatsfjorden. Den planlagde verksemda vil ikkje har stor langvarig verknad på desse, landskapet eller andre delar av økosystemet. Mest alvorleg i høve til naturmangfaldlova er at den samla belastninga på økosystemet kan bli overskriden. Den eksisterande verksemda ved AF Miljøbase Vats blir overvaka og det har tidvis vore uønska utslepp.

Kommunen si saksframstilling viser til at eventuelle utslepp vil kunne komme frå maskinar eller fartøy som er involvert i arbeidet. Tiltakshavar har vurdert at maksimalt 5-50 liter diesel, motor- eller hydraulikkolje kan vere moglege utslepp. Vi kjenner ikkje nærare bakgrunn for dette, men vil åtvare mot at det blir etablert rutinar som sjølv unntaksvis kan føre til slike utslepp. Vi har tidlegare peikt på at demontering av installasjonar i fjorden er uønska på grunn av fare for forureining. Dersom også monteringsarbeid gir forureining som nemnt over, kan heller ikkje slik verksemd utførast. Føresetnaden for industriell aktivitet på sjøen er at rutinane blir lagt opp og sikra slik at uønska ureining ikkje kan skje.

Både i Vindafjord og i Tysvær kommune er planlagt bygging av nye ankerfeste i LNF-området. Konfliktane ved dette er knytt til landskap, ferdsel og fiske på sjøen. Ut frå dei store samfunnsinteressene for at plattformar får godt landfeste, finn vi at slike fysiske inngrep er akseptable i høve til dei interessene som kommuneplanen skal ivareta.

Med den grunngjevinga kommunen har gitt, er vår vurdering at vi ikkje har avgjerande innvendingar til at det blir gitt dispensasjon for omsøkt arbeid og montering av Aasta Hansteen-plattformar i Vats- og Yrkjefjorden. Uønska forureining må unngåast. Vi legg i vurderinga vekt på at Yrkjefjorden i kombinasjon med Vatsfjorden og AF Miljøbase Vats inneber ei lokalisering som det er vanskeleg å finne gode alternativ til.

Fylkesmannen vil likevel understreke at vi nå som tidlegare vurderer montering av nye installasjonar annleis enn demontering og hogging av brukte oljeriggar og andre installasjonar. Demontering utgjer ein større forureiningsrisiko enn montering.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Odd Kjos-Hanssen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Odd Kjos-Hanssen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 20
E-post: fmrookh@fylkesmannen.no

Kopi til:

Kystverket Vest	Pb. 1502	6025	Ålesund
Tysvær kommune	Postboks	5575	Aksdal
	94		
Fiskeridirektoratet, region sør	Postboks	5804	Bergen
	185		
	sentrum		
Rogaland fylkeskommune	Postboks	4001	Stavanger
	130		